

Jordbruksavtalen og fellesgoda

I eit intervju med Bondebladet 28. april i år tok til orde for at jordbrukstingingane bør operasjonalisere dei fellesgoda som næringa skal levere. Jordbruksavtalen er det viktigaste instrumentet for å realisere stortingsviljen slik måla for landbruket er gjengitt t.d. i Budsjettproposisjonen for 2016 med fire overordna mål: «Matsikkerhet, Landbruk over hele landet, Økt verdiskaping, Bærekraftig landbruk». Om vi går til krav/tilbodsdokumenta frå årets tingingar, finn vi ingen freistnad på å vise korleis avtalen vil verke til å realisere måla. Samanhengen mellom mål og verkemiddel er vag, dermed blir det ikkje mogleg i neste omgang å måle om den enkelte avtale er funksjonell for å realisere Stortingets vilje.

At jordbrukspolitikken over tid ikkje leverer fellesgoda, er eit tema som jamt er framme i media kfr. Riksrevisjonens rapport av 2009. Tingingane er snevert konsentrert om inntektsverknad av prisar og subsidiar. Eg vil her gå nærare inn på korleis ei operasjonalisering av fellesgoda kan skje innan ramma av forhandlingane. Utgangspunktet er den grunnleggande innsikt at avtalen har to samverkande siktemål: inntekter for den enkelte produsent og kollektive gode for heile landet (fellesskapet). Eit sentralt premiss bør vere at andre grupper (forbrukarar) kan forstå forhandlingane og sjå at jordbruksavtalen er viktig for dei. I dette ligg *allmenngjering*. Dagens system verkar ekskluderande på andre sidan det dreier seg snevert om bondeinntektene. Det samla samfunnsoppdraget til næringa blir tilslørt. Ved å løfte fram fellesgode demonstrerer jordbruksorganisasjonane at dei er opptekne av meir enn medlemmenes inntekt. Slik blir alliansar bygde.

Eg vil nytte mål om matsikkerheit (sjølforsyningsmålet) som eksempel på korleis operasjonalisering av eit kollektivt gode kan skje. Dette er det målet som er mest omtala av partane i krav- og tilbodsokumenta. Gangen i tingingane ville sjå slik ut:

1. Partane vil i førebudande fase ved Budsjettnemnda avstemme ein omforeina definisjon av omgrepet
2. Kravdokumentet vil ha eit eige kapittel som gjer greie for a) kva verkemiddel som jordbruket vil nytte for å få betre matsikkerheit og b) konkret utmåling av ressursar for formålet, c) kalkulert estimert effekt.
3. I tilbodsokumentet vil staten svare på desse punkt.
4. Matsikkerheit blir så forhandla som særskild tema.
5. Etter tingingane vil Stortinget, media, opinionen kunne sjå korleis partane har handtert dette kollektive godet.
6. Påfølgjande år vil Budsjettnemnda ha som oppdrag å måle effekten ved å etablere parameter (det kan vere innretting av produksjonen, bruk av areal, bruk av importerte innsatsfaktorar). Det kan ta fleire år før ein får målbar effekt, men ved å etablere eit referansepunkt kan nemnda innhente data som indikerer retning.

Slik stoda er i dag, vil ei allmenngjering av forhandlingane gagne næringa. Interesse for mat og matproduksjon er sterk og veksande. Det er grunn til å tru at søkelys på produksjon av fellesgode vil styrke næringa sin forhandlingsposisjon politisk, og gje større rammer over tid.

Eg ser at noen aktørar held fram at det er vågeleg å gå inn for endringar i måten instituttet verkar på, dei meiner at ordninga da står i fare. Eg meiner tvert i mot at instituttet vil bli

styrkt. Tidene endrar seg, og jordbruksavtaleinstituttet må som andre samfunnsinstitusjonar vere i pakt med si tid.

Gjermund Haga

bonde, Verdal, gen.sekr. NBS 1982-86, 89-91.